



Likestilling og inkludering i skøytesporten

Info frå NSF som bakgrunn for ei spørreundersøking til NSF sine skøyteklubbar

Bakgrunn for problemstillinga

Norge er i internasjonal samanheng sett på som eitt av dei mest likestilte samfunna mellom kjønn i verda. Likevel er det på fleire områder ein veg å gå som bevisst eller ubevisst heng etter likestillingsmessig.

Kva er status i skøyteklubbane rundt om i landet?

NSF har fem greiner; hurtigløp, kunstløp, kortbane, inline og roller derby.

NSF sin visjon er Skøyteglede for alle. Kjerneverdiane er Ærleg, Engasjert og Nytenkande.

Kjønnsmessig likestilling i Norges Idrettsforbund (NIF)

I 2020 vart det lagt fram ein rapport basert på ein undersøking gjennomført av NRK om rammevilkår for jenter og gutar i barne- og ungdomsidretten. Her vart det mellom anna avdekket at særleg innan lagidrettar var betalte trenarkrefter meir vanleg på gutelag enn jentelag. Dette er ein situasjon som idrettspresident Berit Kjøll uttrykte var uakseptabelt.

På nyåret 2021 vart det sett i gang eit likestillingsprosjekt om kvinneleg toppidrett der profilerte idrettstoppar som Amalie Luel, Maren Lundby og Grace Bullen fremma likestilling når det gjeld breidde og toppidrett, utvikling og sponning/økonomi.

Hurtigløp

Jenter og gutar utgjer vanlegvis ei felles gruppe i hurtigløp både i barne- og ungdomsskulealder, vidaregåande og opp på seniornivå, inkludert landslagsgruppene. Dette bør utgjera eit godt grunnlag for respekt og likeverdige treningstilbod. Likevel kan vi ikkje sjå bort frå at merksemda overfor gutar og jenter blir ulikt fordelt.

Korleis kan klubbane hjelpa NSF til at eventuell ulik prioritering mellom gutar og jenter blir kartlagt, bevisstgjort og retta opp i?

Har klubbane data på fråfall frå idretten som er større for jenter enn gutar eller omvendt?

Kva tilbakemelding får klubbleiarane frå utøvarar/føresette når det gjeld glede ved å trena skøyter?

Med referanse til initiativet som er profilert av toppidrettskjendisane ovanfor, er det ei kjennsgjerning at det er færre kvinner i skøytetoppen enn menn. Er dette resultat av ulik prioritering sportsleg og/eller økonomisk? I kva grad er dette eit spørsmål om leiarskap?

Kunstløp

Denne greina i Norge har eit åpenbart likestillingsproblem. Det er få gutar, og difor har NSF etablert



«Gutteløftet» i kunstløp, men det er langt igjen. Kunstløp er internasjonalt meir likestilt enn i Norge, trass i at denne greina har eit sterkare preg av ekstrem sport enn hurtigløp.

Er norsk likestilling på eit kulturelt og sosialt nivå, som ikkje har tatt innover seg at dette òg er ein sport for gutar/menn? Kvifor er det flest unge jenter som utøver kunstløp? Kva med utvikling av styrke og spenst som er ein forutsetning for denne idretten?

Er kunstløpklubbane rigga til å ta hand om gutar som vil læra og utvikla kunstløp? Som for hurtigløp er det ulike trivselsvilkår for gutar og jenter for at visjonen om Skøyteglede for alle skal ha reelt innhald.

Kortbane og inline

Desse greinene ser i utgangspunktet ut til å vera i same kategori når det gjeld kjønnsmessig likestilling som hurtigløp.

Er det klubbar med sterk aktivitet innan disse greinene som har anna kunnskap som kan dela dette?

Roller Derby

Dette er NSF sin nyaste grein. I Norge er den dominert av kvinner. Ressursar i eit lite forbund som NSF har kanskje medført at fokuset på aktiviteten innan denne greina ikkje er så sterk som både utøvarar og forbundsleiing kunne ønskja. Internasjonalt er det større innslag frå begge kjønn i denne greina.

For å få eit meir kvalitativt arbeid mellom anna på likestillingsområdet i roller derby er NSF avhengig av innspel og initiativ frå dei som utøver sporten.

Inkludering og kulturelt mangfold

Stopp rasisme er symbolsterkt visualisert hjå alle fotballspelarar på elitenivå. Fotball spesielt, men òg lagidrett generelt, synest i norsk idrett å vera flinkare enn skøytesporten til å rekruttera til klubbar og idrettslag frå fleirkulturelle miljø, som reflekterer mangfoldet i det norske samfunnet.

I skøytesporten går det lengre tid mellom kvar gong vi observerer ein utøvar frå fleirkulturelle miljø. Korleis kan din klubb rekruttera utøvarar frå fleirkulturelle miljø?

Fleire skular til dømes i Oslo-området har framandspråkeleg fleirtal i klassane. Kan skulen i ditt lokalmiljø nyttast som informasjonsspreiar om kva slags idrettsaktivitet som eksisterer i lokalsamfunnet?

Økonomi

Skøytesport bør i utgangspunktet vera ein lite kostnadskrevande idrett å starta aktivitet i. Dei fleste klubbane har skøyter til utleige som kan utvikla meistring hjå alle grupper av barn og unge. Inngangsbilletten for oppstart og deltaking i idrettsaktivitet kan vera ein barriere for familiar til å senda barn til ulike aktivitetar. Er det enkelte gratis «prøvetimar» i din skøyteklubb slik at eit



potensielt medlem kan prøva seg fram før formell innmelding? Har klubben opplegg for bytting og/eller bruksalg av skøyteutstyr? Korleis er fleksibiliteten til å tilpassa enkeltindivid sin økonomiske evne til å inngå medlemskap i klubben? Har lokale styresmakter støtteordningar som det kan søkast om for økonomisk vanskelegstilte utøvarar?

Legning/seksuell trakassering

Skøytesport er, med unntak av roller derby, ein sport med liten/ingen fysisk kontakt. I idretten er det døme på idrettsgreiner der det diverre er mishagsytringar og skjellsord overfor og mellom konkurrentar.

Korleis er det i NSF?

Har klubbane observasjonar og/eller hendingar om mishagsytringar?

Risiko for overgrep/uønska hendingar mellom trenar/leiar og utøvar må angripast med ein gong!

Rekruttering av trenarar og leiare

Auka rekruttering av kvinnelege trenarar og leiarar er gjennomgangstema i dei fleste idrettar i Norge.

Dette er ei samfunnsmessig utfordring. Vi har i større grad grunn til å vera tilfredse med likestillingsposisjon i yrkesliv og organisasjonsliv utanom idrett og politikk.

Kvifor er det slik at færre kvinner vil ta på seg trenarrolla og leiarrolla enn menn?

Påstand: Kvinner har eit sjølvstendig ansvar til å visa interesse for rolla som trenar og leiar.

Ein optimal situasjon for at gutar og jenter skal føla seg maksimalt komfortabel i sitt idrettsmiljø, er at det ikkje skal vera skilnad på korleis menn og kvinner utøver trenar/leiar-rolla. Det oppnår ein best ved at det er balanse i tilfanget av trenarar og leiare av begge kjønn.

For skøytesporten er dette ikkje minst viktig innan kunstløp, dersom ein skal vekka interessa for rekruttering av gutar til kunstløp.